



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 12.06.2015

Vår ref.: 2015/5833-2

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.: 15/942 - 15/6445

Fråsegn kulturminne - Fonnes - gnr 131 bnr 14 - dispensasjon bakkeplanering - Austrheim kommune

Viser til tidlegare korrespondanse i saka, og til vårt brev dagsett 05.06.2015 med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det aktuelle arealet 10.06.2015. Det vart ikkje påvist synlege automatisk kulturminne under synfaringa. Etter ei vurdering av potensialet for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i areala som skal fyllast igjen, er det ikkje naudsynt med ytterlegare arkeologiske registreringar.

Innanfor tiltaksområdet ligg det ein verneverdig eldre driftsbygning og fleire steingardar. Vi ber om at det vert teke omsyn til desse ved opparbeiding av feltet.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.